



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Sak nr 3/2010

Møtedato: 4.2.10

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Søknad frå Vasetløypene om tilskot frå grunneigarfondet til parkeringshus for løypemaskin

Vasetløypene søker om tilskot frå Grunneigarfondet til oppføring av parkeringshus til løypemaskinene. Tiltaket er kostnadsrekna til kr 223.125 og det blir søkt om kr 170.000 i tilskot.

I søknaden er det skissert ein open garasje, men dei har ettertid funne ut at det er nødvendig med ein lukka garasje. Dette vil føre til at kostnadane blir høgare enn det som er skissert i søknaden, og søknaden burde vore justert i samsvar med dette. Laget har dårlig økonomi og er avhengig av støtte for å få gjennomført tiltaket.

Løypelaget disponerer i dag deler av garasjen fjellstyret har på Vaset. Fjellstyret og løypelaget har diskutert ei løysing med påbygging og ombygging av lageret. Det kan også vera aktuelt å føre opp eit frittståande bygg. Fjellstyret ser på dette som eit viktig tiltak og er innstilt på å vera med å bidraga til å finne ei praktisk løysing og å støtte tiltaket økonomisk. Storleik på støtte vil ein ta stilling til når ein har fått oversikt over kostnadane med dei ulike løysingane.

Fjellstyret skal gi uttale til søknaden før vidare saksgang i Statskog og NFS.

Vedtak:

Fjellstyret tilrår søknaden.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 4.2.10

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Vasetløypene